



# ÅRSRAPPORT FOR 2014

**Institutt for geofag, UiO**



**UiO • Institutt for geofag**  
Det matematisk-naturvitenskapelige fakultet

## Innhald

1.	INNLEING .....	3
2.	UNDERVISNING OG STUDENTAR.....	5
2.1.	Bachelor- og masterprogram .....	5
2.2.	Søkning og rekruttering til studiene.....	5
2.3.	Studiepoeng og gjennomføring.....	6
2.4.	Studiekvalitet.....	7
2.5.	Internasjonalisering.....	7
2.6.	Geofag i skolen: Etter- og vidareutdanning (EVU) og Skolelab .....	8
3.	FORSKING .....	9
3.1.	Sentre og nasjonal infrastruktur.....	9
3.2.	Prisar og utmerkelsar .....	10
3.3.	Artiklar i peer review tidsskrift/analogiar/monografiar.....	11
3.4.	Forskarlinja, ph.d.- avhandlingar og veiledarar.....	11
4.	FORMIDLING .....	12
4.1.	Seminar og konferansar .....	13
5.	FELTEKSPEDISJONAR .....	13
6.	INFRASTRUKTUR.....	15
6.1.	Lokaler .....	15
6.2.	Laboratorier.....	16
6.3.	Realfagsbiblioteket og fagområdet geofag .....	17
7.	ORGANISASJON .....	18
7.1	Instituttstyret.....	18
7.2	Instituttleiinga .....	19
7.3	Administrasjon og drift.....	19
7.4	Seksjonar ved instituttet .....	20
7.5	Helse, miljø og sikkerhet (HMS) ved Institutt for geofag .....	21
7.6	Faste råd/utval .....	21
7.7	Tilsette ved Institutt for geofag <sup>2</sup> .....	22
8.	Økonomi .....	23
9.	Referansar/lenker og vedlegg .....	24

## 1. INNLEING

### Nokre viktige høgdepunkt for instituttet i 2014:

- **Strategi ferdigstilt** - Institutt for geofag har fått ny strategi. Den nye strategien gjeldt for perioden 2014 til 2020 og er såleis gjeldande frå og med 2014.
- **FME - SUCCESS**, som instituttet er ein part i, bestod midtvegsevaluering av NFR (2013).
- **CEED på plass i nye lokaler**: SFF - Senter for Jordens utvikling og dynamikk flytta inn til nye lokaler i ZEB-bygningen den 21.10.14. Leiar Trond Helge Torsvik føretok den offisielle opninga.
- **Stor forskingsaktivitet** – I løpet av 2014 kom det til nye 48 forskingsprosjekt, og 22 prosjekt vart avslutta. Tal frå Cristin viser også at vi har oppretthalde ein god publiseringssprofil.
- **Tildeling av to endringsmiljø** - Instituttet har fått to (av fem) nye endringsmiljø ved MN-fakultetet frå 2014. Endringsmiljøa vert organisert som forskargrupper ved instituttet, og er:
  - **Land-Atmosphere Interactions in Cold Environments - LATICE**: Professor Lena Tallaksen skal leia endringsmiljøet som er eit samarbeid med Institutt for informatikk og Naturhistorisk museum, UiO.
  - **Interface Dynamics during Geophysical Flows - EarthFlows**: Professor Bjørn Jamtveit skal leia endringsmiljøet som er eit samarbeid med Matematisk institutt og Fysisk institutt, UiO.

Aktiviteten på instituttet er generelt stor og fjaråret har vore prega av høg aktivitet både på forskings- og utdanningsfronten. Dei fem nye seksjonane er etablert og seksjonsleiarane er godt i gang med sitt arbeid. Ei seksjonsleiargruppe møtes jamleg for å koordinere arbeidet med aktuelle saker saman med kontorsjef og institutteleiar. Samansetninga i instituttstyret, det øvste besluttande organ ved instituttet, har vore stabilt i perioden og møtes også jamleg.

Etter ein lang prosess sluttført hausten 2013 vart endeleg instituttets strategi for åra framover (2014 til 2020) ferdig, og vedtatt av styret i september 2013. Alle seksjonane ved instituttet var involvert i arbeidet med den nye strategien, som inneholdt vår visjon om korleis vi vil at instituttet skal utvikla seg i åra framover. Strategien er forankra i overordna strategiar frå UiO og MN-fakultetet. Strategien er tilgjengeleg på instituttets nettsider.

Det har vore utskiftingar i vitskapleg stab då ein del av våre professorar/førsteamanuensar har gått av med pensjon. Vi har fått nye tilsette på plass, eller det er i gang rekruttering til stillingane. Innan administrative funksjoner er det tilsett to nye medarbeidarar i prosjektøkonomi, ein studieadministrativ stilling (30 %) innan internasjonalisering som dekkes ved ein permisjon, og IT har fått fleire stillingar i og med at denne avdelinga no har ansvar for drift av IT-tenestene ved fakultetsadminstrasjonen og for Student-IT ved MN-fakultetet.

Søkning er fortsatt god på bachelor og masterprogrammet, men ein nedgang ser vi. Mindre søkerarar i 2014 kjem truleg av at olje og gass sektoren er inne i ein nedgangsperiode. Lågare søkeratal til geologi

og petroleumsstudiar ser ut til å ramme alle utdanningsinstitusjonane med studiar innan olje og gass i Norge. Mastergradsprogrammet hadde ein mindre nedgang, men denne som også har internasjonal rekruttering har fortsatt svært mange søker.

Vi har fortsatt utfordringar med arealmessige begrensingar på for få og små undervisningsrom og plass i laboratoria. Det er også verken bachelor- eller mastergradsstudenter i geologi/geofysikk/geografi/geomatikk/hydrologi som kan ha arbeidsplassar i tilknyting til dei faste vitskaplege tilsette. Feltundervisning er også ei utfordring med store studentkull.

I løpet av 2014 forsvarte 11 stipendiatar sine avhandlingar ved instituttet. Doktorgradstudentane fordeler seg på alle dei geofaglege disiplinane på instituttet.

Vitskaplege publikasjonar i perioden var på 251 publikasjonar, derav 166 i tidsskrift på nivå 1, og 85 i tidsskrift på nivå 2. Det betyr ein liten oppgang i nivå 2 tidsskrift frå 2013. Publikasjonar og artiklar frå tilsette finnes i databasen til Cristin.

Føremålet med denne årsrapporten er å visa nokre høgdepunkt og nokre av Institutt for geofag sine resultat for 2014. Det er viktig å presisera at rapporten ikkje femner om all vår verksemد, men er eit utdrag. Det er tatt nokre grep for å avgrense omfanget av rapporten, så alt kunne ikkje tas med. I år er årsrapporten på nynorsk, vi ynskjer å bidra å synleggjera nynorsk på instituttet og på UiO.



Institutt for geofag, Universitetet i Oslo har fem seksjonar som held til i Geologibygningen, ZEB-bygningen, CIENS-bygningen og i Fysikkbygget; alle i tilknyting til Campus, Blindern. Foto: Institutt for geofag, UiO

## 2. UNDERVISNING OG STUDENTAR

### 2.1. Bachelor- og masterprogram

Institutt for geofag har norges breiaste tilbud på undervisning i geofag på universitetsnivå. Vi har eit 3-årig bachelorprogram i *Geofag: geologi, geofysikk og geografi* med 2 studieretningar, samt eit 2-årig masterprogram i *Geosciences* med 6 studieretningar. I tillegg deltar instituttet i bachelorprogrammet *Fysikk, astronomi og meteorologi (FAM)* med studieretninga Meteorologi og oseanografi. Det sistnevnte programmet er administrativt lagt under Fysisk institutt, men Institutt for geofag står for undervisninga i dei geofaglege emna.

Studentane på bachelornivå kan velja studieretningar etter interesse på BSc i Geofag: geologi, geofysikk og geografi. og vel mellom to studieretningar: [Geologi og geofysikk](#) og [Geografi og hydrologi](#). På bachelorprogrammet i Fysikk, astronomi og meteorologi (FAM) kan studentane velja studieretninga [Meteorologi og oseanografi](#). På MSc Geosciences kan geostudentane velja mellom seks studieretningar som er:

- [Environmental Geology and Geohazards](#)
- [Geology](#)
- [Geophysics](#)
- [Meteorology and Oceanography](#)
- [Petroleum geology and Petroleum geophysics](#)
- [Physical Geography, Hydrology and Geomatics](#)

Instituttets undervisningsportefølje består av emner på 10 studiepoeng (SP) og nokre få 5 SP emner innan fagområda vi har. Emna inngår i studieprogramma, men dei kan også tas som frittståande og valfrie emner. Totalt er det 116 emner ved Institutt for geofag ved utgang av 2014. Sjå liste over emner for lågare/høgare grad og ph.d. nivå på Instituttets nettsider..

### 2.2. Søkning og rekruttering til studiene

Studiene hadde bra søkering i 2014. For bachelorprogrammet opplevde vi likevel ein nedgang frå 2013. Tall frå Samordna opptak og *Database for statistikk for høgere utdanning* (DBH) viser at bachelorprogrammet Geofag: geologi, geofysikk og geografi i 2014 hadde 130 fyrstevalsøkjurar på i alt 75 studieplasser. Dette er ein nedgang på 22 % frå 2013. I alt var det nesten 720 søkerar. På bachelorprogrammet Fysikk, astronomi og meteorologi var det 185 fyrstevalsøkjurar, som var 19 % fleire enn i 2013.

Bachelorprogrammet Geofag: geologi, geofysikk og geografi hadde i 2013 flest søkerar ved MN-fakultetet i forhold til tal på studieplasser (2,23 søknader per plass), men for 2014 vart søkerar noko mindre med 1.73 søknadar per studieplass.

Det var i 2014 fortsatt mange søkerar på masterprogrammet. Det samla søkerjartalet for studieåret 2013/2014 var 1676 søkerar med det vart ein nedgang til 1507 søkerar i 2014/2015. Tala er frå

UiO statistikk. For studieåret 2014/2015 hadde 905 oppgitt oss som fyrste prioritet, som var ein nedgang frå 2013/2014 på 7.3 %.



Bachelorstudentane på felttur til Finse som ledd i undervisninga i emnet GEO1010 Naturgeografi i august 2014. Flott utsikt over Finse vatn til den mektige Hardangerjøkulen. Foto: Institutt for geofag, GK.

### 2.3. Studiepoeng og gjennomføring

Gjennomsnitt for studiepoeng for GEO-studentane per år var i 2014 på 51,8 (DBH: Studiepoeng per student/Semester: Gj.snitt heile året). Arbeidsmengda for eit semester er normert til 30 SP. Nokre studentar har mindre forventa studieprogresjon enn dette, og det kan vera forskjellige grunnar; deltidsstudier, sjukdom, permisjon, og upårekna forhold. I følgje tal frå DBH er GEO studentanes produksjon av studiepoeng god samanlikna med andre studierettingar på MN-fakultetet, UiO.

Gjennomføring av mastergrader ved Institutt for geofag vist med indikatoren *Oppnådd mastergrad* frå Felles Studentsystem (FS) var på 54 kandidatar i 2014. Dette var betraktelig meir enn dei to førre åra, men ikkje så mykje som i toppåret 2011.

<b>Fullførte bachelorgrader fordelt på program og år</b>	2010	2011	2012	2013	2014
Geofag: geologi, geofysikk og geografi (GGG)	12	24	23	47	34
Fysikk Astronomi og Meteorologi (FAM)	30	20	25	34	32
<b>Fullførte mastergrader fordelt på år og studieretning</b>	2010	2011	2012	2013	2014
Geofysikk (GEF)	2	3	1	3	4
Geologi (GEL)	4	10	11	12	19
Miljøgeologi og naturkatastrofer (MGN)	5	10	8	7	10
Naturgeografi, hydrologi og geomatikk (NHG)	10	12	3	8	9
Petroleumsgenologi og petroleumsgenologi (PEG)	4	11	15	12	8
Meteorologi og oseanografi (MOS)	10	13	5	3	4
Fullførte mastergrader	35	59	43	45	54

## 2.4. Studiekvalitet

Det arbeidas jamleg med å heva studiekvaliteten på emner og program i undervisningsporteføljen. Kvalitetssikringa skjer ved evalueringar på emnenivå og på programnivå. Frå 2013 gjekk ordninga med periodiske emneevalueringar vekk i tillegg til bortfall av ordninga med tilsynssensorar. NOKUT - Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga reviderte i 2013 kvalitetsarbeidet og studiekvalitetssystemet ved MN-fakultetet. Bachelorprogrammet FAM inngjekk i revisjonsgrunnlaget, herunder vår studieretning *Meteorologi og oseanografi*. Tilsynssensorordninga og den periodiske emneevalueringa for GEF-emna vart revidert. Konklusjonen var at UiOs kvalitetssystem vart godkjent.

I løpet av 2014 vart det også gjennomført ei studentevaluering i regi av NOKUT - Studiebarometeret<sup>1</sup> der NOKUT på landsbasis undersøkte studentane oppfatningar av studiekvalitet. Resultata frå evalueringa ligg på nett som et verktøy for potensielle studentar, noverande studentar og institusjonane sjølv. Institutt for geofag sine to studieprogram fekk gode evaluatingsresultat i einskildspørsmål, men dessverre fekk vi dette året nedgang på studentane heilheitsvurdering. For *Geofag: geologi, geofysikk og geografi* fekk vi 3.6 på heilheitsvurdering, og 3.8 på heilheitsvurdering for masterprogrammet i *Geosciences*. Beste oppnåelige karakter var 5. FAM programmet oppnådde karakteren 4.3 på heilheitsvurdering. Heilheitsvurderinga er kun eit enkelt spørsmål, mens det faglege og andre forhold ved studia ligg som spørsmål i andre kategoriar i undersøkinga, og på desse scora vi atskilige høgare. Sjå websidene til studiebarometeret.no for alle score på alle kategoriar.

## 2.5. Internasjonalisering

Institutt for geofag hadde i 2014 i alt 10 avtaler med utenlandske universitet for utveksling av studentar. Det er fleire europeiske universitet, men det er også avtalar med to canadiske universitet. Ei fullstendig oversikt over avtalar ligg på websidene for studier. I tillegg til utveksling av studentar på

<sup>1</sup> I evalueringa deltok andre årsstudentar på bachelor- og masterprogram ved norske lærestadar for høgare utdanning. Undersøkelsen vart utført i oktober 2014, mens resultata var klare februar 2015. Sjå: [www.studiebarometeret.no/](http://www.studiebarometeret.no/)

eigne avtalar kan studentane reise på avtaler som er inngått av MN-fakultetet (17 avtaler). I tillegg kjem avtalen med UNIS - The University Centre in Svalbard.

Instituttet har i det siste åra hatt ei god tilstrøyming av ERASMUS-studentar både på eigne avtalar og på avtaler inngått av MN-fakultetet. I alt var det 64 utanlandske studentar ved Instituttet i 2014, mot 54 året før (NSD, DBH). Det var også 34 utvekslingsstudentar totalt i 2014.

## 2.6. Geofag i skolen: Etter- og vidareutdanning (EVU) og Skolelab

Instituttet tilbyr eit fireårig etter- og vidareutdanningsprogram (EVU) som er *Geofag: Etter- og vidareutdanning for lærere*, Geofag i skolen programmet. Programmet består av 4 emner. Målgruppa er lærarar frå vidaregåande skular frå heile Norge. I studieåret 2013/2014 vart det gjennomført (for andre gong) emnet GEO2910 - Geofag i skolen – Arbeid i geotop.

Emnet kan tas som etterutdanning eller som vidareutdanning med 15 SP på bachelornivå.

Talet på studentar som har tatt eksamen i programmet (eks. etterutdanning) fordeler seg slik:

Studieår	2009/2010	2010/11	2011/12	2012/13	2013/14
M. eks.	8	7	7	11	9

Institutt for geofag både administrerer programmet og fleire av våre vitskaplege tilsette underviser i tillegg til eksterne fagpersonar. Instituttet samarbeider med Naturfagsenteret i programmet spesielt om geodidaktikk. Didaktikk er forsking på undervisning, og geodidaktikk fokuserer spesielt på GEO fagleg undervisning.

Emnet GEO2920 - Naturkatastrofer vart gjennomført i studieåret 2014/2015 (opptak haust 2014). Programmet er fortsatt støtta av Statoil gjennom ein vitskapeleg stilling i geodidaktikk i 2 år frå aug. 2014, då instituttet tilsette ein førsteamanuensis. Arbeidet med etablering av ein såkalla Skolelab på instituttet vart starta i 2014.



Nye bachelorstudentar på programseminar hausten 2014 ved Tyrifjorden. Professor Hans A. Nakrem/NHM viser fossilet (kopi) av kjempekrepisen som vart funne her for mange år sidan. Foto: Institutt for geofag, GK.

### 3. FORSKING

#### 3.1. Sentre og nasjonal infrastruktur

Instituttet har og er med på fleire prestisjetunge prosjekt finansiert av *EU* og *Norges Forskningsråd*. I 2014 hadde vi tre prosjekt under ERC ordninga, herunder to *Advanced Research Grants*. Instituttet er vidare med i ein FME (Senter for miljøvennlig energi) og har eit SFF (Senter for fremragende forskning). I tillegg er det under oppbygging eit nasjonalt laboratorium for måling av geomagnetisme - Ivar Giæver Geomagnetic Laboratory.

##### **European Research Grants:**

- **Beyond plate tectonics** - ERC Advanced Grant (2011-2016) – Leia av professor Trond H. Torsvik
- **Global Glacier Mass Continuity (ICEMASS)** - ERC Advanced Grant (2013-2018) – Leia av professor Andreas Max Kääb.
- **LUSI-lab** - ERC Startup Grant (2012-2017) – Leia av forskar Adriano Mazzini

**FME - SUCCESS** – Instituttet er ein del av Subsurface *CO<sub>2</sub> Storage - Critical Elements and Superior Strategy* (SUCCESS), som er eit forskingssenter for miljøvennlig energi. Senteret er leia av Christian Michelsen Research (CMR) i Bergen, og professor Per Aagaard leiar den delen av senteret som ligg ved Institutt for geofag. I løpet av 2014 tok professor Alvar Braathen over leiinga av SUCCESS ved Institutt for geofag etter professor Per Aagaard.

**SFF – Senter for Jordens utvikling og dynamikk (CEED)** vart formelt etablert 1. mars 2013. CEED forskar på Jordas utvikling, naturkatastrofer og Jordas dynamikk. Senteret dekker mange av fagfelta innan geovitskap og gjekk inn i 2014 med ein portefølje på 5 temaområder. CEED fekk hausten 2013 finansiering frå NFR for å oppretta eit nasjonalt geomagnetisk laboratorium med oppstart i 2014.

*Ivar Giæver Geomagnetic Laboratory* er oppkalla etter nobelprisvinner i fysikk Ivar Giæver.

Laboratoriet inngår i eit nytt temaområde i CEED sin forskingsportefølje som dermed aukar frå 5 til 6 tema. CEED senteret er leia av professor Trond H. Torsvik.

CEEDs temaportefølje ved utgangen av 2014:

Tema 1: DEEP Earth	Tema 4: Earth and Beyond
Tema 2: Dynamic Earth	Tema 5: Earth Modelling
Tema 3: Earth Crisis	Tema 6: Earth Laboratory

### 3.2. Prisar og utmerkelsar

#### Hydrolog heidra med diplom og Leonardo forelesning

Professor i hydrologi Lena M. Tallaksen vart heidra med diplom og hadde ein invitert "Leonardo Lecture" forelesing på konferansen HYPER-Droughs 2014 i regi av European Geosciences Union (EGU). Med ei invitert forelesing fremheves forskarar for sin innsats innen hydrologiforsking.



Tallaksen får EGU diplom i Praha. Foto: Privat

#### Framkomiteens Belønning for Polarforskning til Jon Ove Methlie Hagen

Professor Jon Ove Methlie Hagen fekk Framkomiteens «Belønning for Polarforskning» for 2014. Hagen som er glaciolog har forska på isbrear i ei årekke, og har gjennom sin forsking gitt viktige bidrag til å forstå korleis brear og isdekket vil respondera på framtidige klimaendringar. Prisen vart tildelt den 10.10.14 i Vitenskapsakademiet.



Jon Ove Methlie Hagen, på Austfonna, Svalbard. Foto: Privat.

#### Prisar til studentar: Beste poster til MSc student Maria Forsgård og beste foredrag til ph.d stipendiat Kristin S. Myhre

I mars 2014 fekk to studentar fra Institutt for geofag pris for henholdsvis beste studentposter på det 23. nasjonale seminaret om hydrogeologi og miljø der Maria Forsgård fikk ein pris frå Norsk hydrologiråd.

Den andre prisen gjekk til ph.d. stipendiat Kristin Sæterdal Myhra for beste foredrag på Ungeo-konferansen **Geology-Rocks 2014**.



Vinnaren av "Geophysical Award" Isabelle Lecomte gratuleres av Terje Dahl. Foto: Rune Baastad

#### Lecomte tildelt Geophysical Award 2014

Geophysical Award 2014 vart tildelt Isabelle Lecomte frå NORSAR for hennes mangeårige arbeid og forsking innan fagområdet geofysikk.

Isabelle Lecomte er førsteamanuensis II ved Institutt for geofag. Prisen deles ut av Norsk petroleumsforening (NPF).



Tildeling av prisen GFZ award til Bernhard Steinberger. Foto: GFZ

#### Steinberger tildelt GFZ Award

Bernhard Steinberger frå CEED og Institutt for geofag vart tildelt prisen **GFZ Senior Scientist Award** frå GFZ, Helmholtz-Centre Potsdam - GFZ German Research Centre, Tyskland.

Prisen er tildelt for Steinbergers framifrå bidrag i hans forsking for å forstå dynamikken i Jordas indre.

### 3.3. Artiklar i peer review tidsskrift/analogiar/monografiar

Ifølge statistikk frå DHB og det forskarane legg inn i Cristin vart det registrert 251 vitskaplege artiklar i 2014. Talet innfattar både nivå 1 (166) og nivå 2 (85) tidsskrift, og alle former for publisering i periodika-, antologiartiklar og monografiar. Dette er ei lita auke i publiseringar i nivå 2 tidsskrift frå året før. Tala viser ein stabil publiseringssrate for instituttet.

Publiseringspoeng og forfatterandeler gjekk opp frå 119,7 poeng i 2013 til 132,7 poeng i 2014. Av artiklane var dei fleste i periodika/tidsskrift (92 %), og nokre få som antologiartiklar.

Type tidsskrift	2012		2013		2014	
	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 1	Nivå 2
Periodika/antologier artikel	132	81	169	83	166	85
Samlet	213		252		251	

### 3.4. Forskarlinja, ph.d.- avhandlingar og veiledarar

I 2014 disputerte 11 stipendiatar ved Institutt for geofag. Under er det ein oversikt over naman på kandidatar, når dei disputerte, samt tittel på avhandlinga:

**Kari Beate Remmen**, disputerte 15.01.2014 med av handlingen:

Reconsidering recommendations for educational fieldwork in earth science: Exploring students' learning activities during preparation, in the field and follow-up work

**Mauro Pau**, disputerte 23.11.2014 med av handlingen:

Dynamics and sedimentology of pockmarks

**Maria Sand**, disputerte 24.01.2014 med av handlingen:

The forcing and climate response of black carbon aerosols

**Markus Engelhardt**, disputerte 7.03.2014 med av handlingen:

Glacier mass-balance and discharge modeling

**Peygham Ghaffari Nooran**, disputerte 26.03.2014 med av handlingen:

Wind and wave-induced currents over sloping bottom topography, with application to the Caspian Sea

**Guillaume Sauvin**, disputerte 7.04.2014 med av handlingen:

Integrated geophysics for mapping of quick-clay landslide-prone areas in Norway

**Reza Khabbaz Ghazian**, disputerte 26.06.2014 med av handlingen:

Numerical modelling of continental collision with an application to the Zagros fold-and-thrust belt

**Marianne Tronstad Lund**, disputerte 19.09.2014 med av handlingen:

Climate impacts of past, present and future emissions from the transport sector

**Nele Kristin Meyer**, disputerte 9.10.2014 med av handlingen:

Debris flows - Initiation conditions and impact on functionality of Norwegian road network

**Jonas Karstensen**, disputerte 27.11.2014 med av handlingen:

Attribution of emissions and temperature change to producing and consuming regions and sectors

**Erlend Morisbak Jarsve**, disputerte 9.12. 2014 med av handlingen:

Mesozoic and Cenozoic basin development and sediment infill in the North Sea region - shifting depocenters associated with regional structural development

Tabellen under viser årets ph.d. avhandlingar fordelt på fagområder:

Dr. avhandlingar per fagområde	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Meteorologi og oseanografi	3	2	1	5	6	4
Miljøgeologi og hydrologi	2	3	2	5	2	1
Naturgeografi	2		6	5	2	2
Petroleumsgenologi og geofysikk	2	5	2	1	3	1
Physics of geological processes (PGP)	2	2		7	1	1
Tektonikk, petrografi og geologi	1	1	1	2		2
<b>Totalt - alle studieretninger</b>	<b>12</b>	<b>13</b>	<b>12</b>	<b>25</b>	<b>14</b>	<b>11</b>

#### 4. FORMIDLING

Mange tilsette ved instituttet bidrar til forskingsformidling i sine fagfelt. Ein nyhendesak kan få opp til fleire oppslag i forskjellige media. I nokre saker har vi også internasjonal pressedekning. Det hender også at tilsette deltek i offentlig debatt i form av kronikker/lesarinnlegg. For fleire av presseoppslaga vert det skrive ein kort omtale på instituttets websider og/eller dei vert formidla på sosiale media.

Vi har i løpet av 2014 deltatt på meir utadretta arrangement slik som *Geologiens dag* og *Forskingstorget*. På Forskingstorget 2014 deltok vi med CIENS-nettverket, denne gongen om *CO2 lagring* (SUCCESS) og om *Vatn og den blå planeten Jord*a. Olivier Galland og Caroline Sassier har også hatt ei fotoutstilling i Realfagsbiblioteket, februar-april med tittel *The Andean Geotrail*.



Demonstrasjon av korleis CO<sub>2</sub> lagring går føre seg for to yngre interesserte på standen på Forskningstorget 2014. Foto: Gudmund Dalsbø, SUCCESS

#### 4.1. Seminar og konferansar

Gjennom 2014 er det halde fleire fagseminar og større arrangement på instituttet der våre forskrarar, studentar og stipendiatar er i målgruppa. Fleire av desse går også ut med invitasjon og moglegheiter til å delta for eit eksternt publikum. I tillegg kjem foredrag på seminar og konferansar for andre aktørar og interessegrupper. Det tilkjem også aktivitetar i regi av dei ulike foreningane for studentar som held møter og seminar i Geologibygningen, på Campus på Blindern.

GEOHYD har jamleg opne foredrag som dels er ein møteplass for tilsette på seksjonen, men som også er opne for eit større publikum. Også Seksjon for geologi og geofysikk og MetOs har seminar for eigne tilsette, og der dei inviterer andre interesserte utanfor instituttet.

Seksjon for Jordens utvikling og dynamikk (CEED) har ein eigen seminarserie og opne foredrag der målgruppa er eigne forskrarar, men som også er opne for andre interesserte. I 2014 arrangerte CEED for fyrste gong eit Wilson foredrag, som er tenkt å inngå i ein årleg syklus. Tilsvarande har forskargruppa PGP-GEO jamleg seminar i sitt fagfelt i samarbeid med Fysisk institutt, UiO.

### 5. FELTEKSPEDISJONAR

Tilsette ved instituttet er mykje i arbeid i felt, både i inn- og utland i forbindelse med forsking og undervisning. Også ein del studentar dreg i felt i forbindelse med undervisning. Under finn du nokre feltekspedisjonar tilsette ved Institutt for geofag deltok på i løpet av 2014.

**Glatiologiekspedisjon, Austfonna, Svalbard** - Årleg i april/mai dreg glaciologane på ein tre vekers ekspedisjon til Austfonna på Svalbard. Arbeidet føregår ut frå ein teltleir på toppen av Austfonna og føremålet er å studera iskappas massebalanse og dynamikk. Eit anna mål er å skaffe kalibreringsdata for den europeiske satellitten CryoSat. Arbeidet leies av professor Jon Ove Hagen frå UIO.

**Seismiologiske undersøkingar, Barentshavet** - I løpet av juli og august 2014 drog eit team av geofysikarar til Arktis med forskingsfartøyet Haakon Mosby. Ekspedisjonen gjekk over fleire veker og føremålet var å kartlegge den geologisk struktur i jordoverflata under Barentshavet. Frå Institutt for geofag, deltok forskarane Alexander Minakov og Nina Lebedeva-Ivanova, begge frå CEED gruppa.

**Trias Nord, feltkampanje Edgeøya** - Eit team på 11 geologar drog frå Longyearbyen i august 2014, og målet deira var Edgeøya på Svalbard. Føremålet med ekspedisjonen var å undersøkja ulike geologiske forhold i området. Teamet inkluderte ein ph.d. og ein postdoc tilknytt Trias Nord prosjektet. I tillegg var det med fleire meir erfarne vitskaplege tilsette og samarbeidande partnarar frå Italia og USA.



Utforsking av nye områder og knausar ovanfrå. Professor Alvar Braathen beveger seg mot kanten med stor varesemd. Foto: Trias Nord, Institutt for geofag.

## 6. INFRASTRUKTUR

### 6.1. Lokaler


Institutt for geofag og dei tilsette er i dag spreidd på fire lokaliteter rundt på Blindern, som er;

- **Geologibygningen:** Geologi og geofysikk inkl. FME SUCCESS, Geografi og hydrologi, administrasjonen inkl økonomi, studieadministrasjon, IT og dei fleste av laboratoria
- **Fysikkbygningen:** PGP-GEO
- **CIENS-bygningen:** MetOs, samt nokre IT-ansatte.
- **ZEB-bygningen:** CEED, samt arbeidsplassar for masterstudentar

MetOs - Meteorologi og oseanografi inngår i kontorfellesskap med Meteorologisk institutts forskingsdivisjon og utgjer UiOs "brohode" inn i CIENS-fellesskapet i Forskningsparken.

Instituttets areal- og romsituasjon i 2014 er fortsatt vanskeleg. Geologibygningen vart bygd i 1957, og er eit undervisningsbygg med fleire auditorier, laboratorier, seminarrom, PC-stover for studentar samt kontor. I bygningen er det begrensa med kontorplassar og laboratoreieareal. Det er ikkje tilstrekkeleg lesesalsplassar til alle masterstudentane. Instituttet manglar dessutan fagsosiale areal og områder for studentar og tilsette, og det er også få gode møterom.

Kart over kvar seksjonane held til i og på Blindern vises under:



## 6.2. Laboratorier

Institutt for geofag har ein god bredde i laboratorier og forskingsinfrastruktur. Utstyrsparken nyttast både i forsking og i undervisningsopplegg. Mykje av utstyret/laboratoria er vanleg innan geo-forsking, mens andre er svært spesialiserte og avanserte og unike nasjonalt så vel som internasjonalt.

Det har vore oppgraderingar i løpet av 2014 som ledd i eit strategisk mål for å modernisera infrastrukturen. Det er anskaffa både eit nytt røntgenspeketrograf (XRF) samt ein ny gasskromatograf-trippekvadropol massespektrometer (GC-TQ-MS). Vidare fekk instituttet i 2013 gjennom CEED støtte til å etablera Ivar Giæver Geomagnetic Laboratory for bergartsmagnetiske og paleomagnetiske analyser som ein nasjonal infrastruktur. Laboratoriet er ikkje operativt ennå, og er under oppbygging. I tillegg har det vore innkjøpt ei drone for fotometriske og geomatiske analyser og eit nytt scanning elektronmikroskop (SEM). Utstyret sikrar betre feltbasert forsking og samanfatning med teoretiske matematiske metodar og statiske modellstudiar innan ulike fagområder. For meir info om laboratorier og infrastruktur sjå instituttets nettsider.




Foto av tynnslip av ein steinprøve som viser ulike typar mineral. Foto: Hans Fredrik Asbjørnsen, UiO.

### 6.3. Realfagsbiblioteket og fagområdet geofag

Bibliotekets søkjeteneste BIBSYS Ask vart erstatta av Oria-søk i 2014. Nytt er at brukarane kan søkja samtidig i alle bibliotekets ressursar, elektroniske som i trykte eksemplar.

Fagområder innan geovitskap har mange spesialiserte databasar og det finnes ein eigen oversikt over fagressursane på bibliotekets nettsidene. Nytt i år er lenker spesielt for ph.d.-studentar (*PhD on track*) og for tilsette (*for forskrarar*).

